

KOORDINERINGSUTVALET

Møteprotokoll

Møtedato:	07.04.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Ordførarkontoret
Møtetid:	Kl. 10:30 - 11:00

Medlemer som møtte	Rolle
Tom Georg Indrevik	Ordførar
Ernst Morten Einarsen	Utvalsleiar - levekårsutvalet
Svein Otto Jacobsen	Utvalsleiar - kommuneplanutvalet
Børge Haugetun	Utvalsleiar - plan- og miljøutvalet
Anne Erdal	Kommunalsjef
Line Barmen	Kommunalsjef
Marius Flesland Sylta	Kommunalsjef
Anne-Merete Vabø Haugane	Kommunalsjef

Medlemer med forfall	Rolle
Johnny Breivik	Kommunedirektør
Anita Garlid Johannessen	Varaordførar

Møteleiar	Tom Georg Indrevik
Møtesekretær	Beate Hetlevik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

006/26: Møte i Koordineringsutvalet

Forslag til vedtak

Det er ikkje forslag til vedtak i møtet.

Koordineringsutvalet 07.04.2026

Behandling i møtet

Orienteringar

Ordføraren orienterte om desse sakene:

- Ordføraren deltek på skipsdåp 08.04.26 for CO2-tankaren Northern Phoenix
- Nye innbyggjarar i kommunen er inviterte til orientering 18.04.26 - der 60 personar er påmeldte
- Det vert KKL-øving 23.04.26
- Møte i politisk styringsgruppe for Miljøløftet 14.04.26, denne gong i Øygarden - ordførar og kommunedirektør deltek

10-årsmarkering av helikopterulukka på Turøy 29.04.26

Gjennomgang av liste over saker meldt til politisk behandling

Merknader til saker som er meldt til utvala vert ikkje omtala nærare i protokollen, men lagt inn som merknad i lista.

Ymse

Ordførar Tom Georg Indrevik

Kor kan pasientar på Øygarden lokalmedisinske senter røyke?

Svar: Det må skje utanfor bygget. Det er ikkje røykerom inne i bygget

Har fått melding om at det er lekkasje i vindauge i Øygarden lokalmedisinske senter

Svar: Vi er kjent med dette. Det er meldt til vedlikehaldsavdelinga

Korleis arbeider vi med ny "Forskrift om gebyr" og ordninga med sjølvkostområdet ? Ordføraren ber om orientering om status på arbeidet i formannskapet 18.06.26

Svar: Vi skal bruka 2027 for å få eit grunnlag for sjølvkostområdet, slik at vi kan få ny forskrift klar frå 2028

Kommunalsjef Marius Sylta

I samband med saka om tilstandsrapport for barnevernet - vil de framleis ha ei orientering til saka?

Svar: Det vert bedt om ei meir utfyllande orientering i levekårsutvalet og ei kort orientering i kommunestyret.

Leiar for kommuneplanutvalet - Svein Otto Jacobsen

3 båtar frå Splint har lagt seg til på beredskapskaia i Austefjorden

Svar: Kommunen tek kontakt med dei

Leiar for plan- og miljøutvalet - Børge Haugetun

Korleis kan innbyggjarar stilla spørsmål om reguleringsendring for Energiparken?

Svar: Det vil bli sett opp kontordagar der innbyggjarane kan koma for å stilla spørsmål

Leiar for levekårsutvalet - Ernst Einarsen

- Kulturprisen skal delast ut i kommunestyret 07.05.26 - det må setjast av tid til dette

Bestilte saker i møtet

- Ber om ny sak om båtrute mellom Geitanger og Knappskog då det privat er samla inn 1/3 av kostnadane med båtruta

Vedtak i Koordineringsutvalet 07.04.2026 - saksnr. 006/26

Det er ikkje gjort vedtak i møtet. Det vert vist til eventuelle merknader under behandling.